UTDANNINGS FORBUNDET
Fjaler

Resolusjon til årsmøtet i Utdanningsforbundet Fjaler 2023

Forslaget kjem frå

Styret i Utdanningsforbundet Fjaler

Tittel:

Utdanningsforbundet ynskjer eit permsjonsreglement som gjev like gode rettar ved psykisk som fysisk sjukdom.

Brødtekst

Permisjonsreglementet i Fjaler kommune gjev tilsette rett til fri med løn for å følge eigne barn til t.d. øyre/nase/hals poliklinikk. Dersom barnet har behov for psykisk helsehjelp, t.d. hjå barne-ungdomspsykiatrisk poliklinikk, må tilsette ta uløna permisjon for å følge. Dette er behandlingstilbod på same nivå på sjukehuset. Den einaste skilnaden er fysisk/ psykisk helse.

Utdanningsforbundet Fjaler meiner at fysisk og psykisk helse bør vere sidestilte. Familiar som har behov for støtte i helsetenesta, bør oppleve støtte frå arbeidsgjevar. Ein arbeidsgjevar som ser verdien av å leggje til rette for at tilsette kan følge opp barna sine utan uro for personleg økonomi som følgje av tapte lønsinntekter.

Vi meiner også at tilsette med kronisk sjuke barn bør få permisjon med løn for å følge opp barnet frå dei er 12 – 18 år dersom det går ut over dei dagane som ein har rett på gjennom NAV (syner til arbeidsmiljølova paragraf § 12-9 tredje ledd).

Forslag til vedtak

Forslag til vedtak: Årsmøtet sender saka til dei politiske partia og administrasjonen i Fjaler kommune for å setje fokus på utfordringa med permisjonsreglementet slik det framstår i dag.

Kven frå klubben skal legge frem saken på årsmøtet

Renate Lillefosse Nitter